



Radøy kommune
Austebygd skule og barnehage
5939 Sletta

Sletta, 25.november 2019

Info til heimane - 2019/2020

Oversikt over aktivitetane på skulen dei siste vekene før jul.

Adventssamlingar

Måndag 2/12 - 9/12 og 16/12 er det adventssamlingar for skulen og barnehagen kl.08.30 i gymsalen.

Den 9/12 er det barnehagen som har programmet på adventssamlinga.

Adventssamlingane varer i 20 - 30 minuttar.

Foreldre som har lyst å vera med her, er velkomne til det!



Torsdag 5.desember

Juleverkstad for 1.-7. årstrinn, heile dagen.

Alle må ha med seg utstyr til baking (kjevle, utstikksformer, forkle og kakeboks eller pose til kakene sine)

I tillegg må elevane ha med seg pennal og matpakke. Dei treng ikkje ha med bøker.



Dersom det er foreldre som har høve til å vera med på juleverkstaden - heile dagen eller deler av dagen - er dette flott!
Skriv ei melding til kontaktlæraren, eller ring til skulen om du vil vera med på juleverkstaden.

Onsdag 18.desember

Julegudsteneste i "Emigrantkyrkja" kl. 8.15 for Austebygd skule. Elevane møter i kyrkja til vanleg skuletid. Dei elevane som kjem til skulen med buss, tek skulebussen heilt inn til kyrkja denne dagen

Barnehagen har sitt eige opplegg i kyrkja, fredag 13. desember kl. 09.30.



Foreldre som ønskjer å vera med på julegudstenesta er hjarteleg velkomne til det!



Torsdag 19.desember - dagtid

Denne skuledagen *startar elevane i 7.klasse* på Samfunnshuset kl. 08.15.

Dei andre elevane og lærarane reiser til Samfunnshuset kl. 10.00 til ”generalprøve” på skulen sitt juleprogram.

Fint om foreldre til 7. klassingane ,som til vanleg køyrer borna sine til skulen om morgonen, i staden køyrer dei til Samfunnshuset denne dagen ☺ .

Ein lærar vil vera til stades på Samfunnshuset frå kl.08.00.

Dei elevane som **ikkje** har høve til å bli køyrt til Samfunnshuset av foreldra om morgonen – vil personalet ta med seg dit i privatbilar.

Etter øvinga går/køyrer me tilbake til skulen.



Torsdag 19.desember - kveld

Juleavslutning på “Samfunnshuset Skogen” om kvelden, **kl.18.00 - 20.00.**

Det vert sendt ut eige program om dette.

Elevane må møta litt før kl.18.00; sjå tidspunkt i invitasjonen de får seinare.

Fredag 20.desember

Siste skuledag før skulane sin juleferie.

På Austebygd avsluttar me den siste skuledagen i desember med **JULEGRAUT** .

Me lagar til ei koseleg fellesstund i gymsalen med julegraut for alle små og store i barnehagen og på skulen.

Truleg kjem også nissen innom!



OBS! Denne dagen har me kortare skuledag, og bussen hentar elevane ca. kl. 11.15

SFO siste skuledagen før jul, fredag 20.desember.

Dei elevane som går på SFO om fredagane, har tilbod om SFO frå skulen sluttar kl. 11.15 - og resten av dagen.

Ber om at foreldra gjer avtale med SFO-personalet på førehand, dersom det ikkje er aktuelt med SFO den siste skuledagen før jul.

Med venleg helsing

Vigdís Villanger
rektor



